



Notat

Til: Jarle Landås

Kopi til: Heidi Hårklau Birkeland

Saksbehandler: Økonomisjef/Sveinung Kvamme
Vår referanse: 14/3282 - 4 / FE - 252
Dato: 12.01.2015

Emne: Overføring av utbetaling og oppfølging av sosiale lån til Lindorff

Sosiale lån vert gitt av NAV i visse samanhengar. Til no har løns- og rekneskapscenteret stått for innkrevjing av desse krava, men mangel på fungerande datasystem gjer at oppfølginga ikkje har vore god nok. Etter innføringa av Visma ser vi at ressursane er endå meir pressa enn tidlegare, og dette vil ikkje føra til betre oppfølging.

I avtalen vi har med Lindorff om forvaltning av startlån, ligg det også høve til å la Lindorff administrera sosiale lån. Dette inneber at gjeldsbrevet frå Nav, som alle som får sosiale lån må underskriva på, vert sendt Lindorff for registrering og utbetaling. Då kjem lånet inn i eit fast system, og vert følgt opp på line med startlån. Rapportar frå Lindorff vil gje oversikt over alle lån, og det er enkelt å følgja med på den einskilde skuldnar, gjennom Lindorff si web-løysing.

Ulempa er kostnaden, Lindorff tek kr 700,- pr etablering, pluss termingebyr.

Eg vurderer det likevel slik at dette truleg vil tena seg inn att fleire gonger gjennom betre oppfølging og innkrevjing.

For løns- og rekneskapscenteret vil ei slik ordning gje mindre press, då Lindorff både har utbetaling og innkrevjing.

For NAV blir det inga endring, bortsett frå at gjeldsbrev må sendast Lindorff før utbetaling kan gjerast, og at dette kan ta litt lengre tid enn om utbetaling vart gjort frå Radøy kommune.

Dersom rådmannen er samd i vurderinga, ønskjer vi få dette på plass snarast råd.